

2009 er jubileumsår for Herand Musikklag. Det er heile 50 år sidan dei fyrste instrumenta kom til bygda og laget vart stifta. Korpset vil sjølv sagt markera det , og høgdepunktet vert ein jubileumsfest 26.september. Me har etter beste evne prøvd å finna fram til alle som har vore med opp gjennom åra og invitert dei til markeringa, og også invitert til å vera med å spela i lag med oss. Denne "mimrekonserten" vil verta leia av Arild B. Nielsen.

Elles har me gjennom året prøvd å vera litt meir synlege i bygda. Me har så mange gode "støttespelarar" og får ofte tilbakemeldingar om at bygda set pris på oss, så det synes me er naturleg. Då det tradisjonelle kakelotteriet vart avvikla i påskeveka, spelte med utanfor butikken. I tillegg til 17.mai og fleire gonger under Herandshelga, har me av alle ting hatt ein liten konsert på Våhaug også! Og året er no ikkje omme endå – så det kjem nok meir!



Frå spelinga på Våhaug

12.juni hadde korpset ein tur til Bergen. Då reiste me utan instrument. Denne gongen skulle me berre nytta – ikkje yta. Målet var å få ei felles oppleving , ei musikalsk oppleving, og at alle som kvar torsdag bruker 2 timar på øving skulle kjenna at det vert sett pris på det. Alle måla vart nådde! Me vart gjort stas på med ein god middag på hotell Augustin der me også overnatta.



Klare for desserten!

Etterpå var me i Håkonshallen der me hørde Forsvarets Musikkorps Vestlandet spela svenske sommerperler. Susanne Lundeng, vokal og fele, var gjest og saman med korpset framførte ho musikalske fyrverkeri me seint gløymmer. Heile konserten og rammene rundt vart eit høgdepunkt. For mange vart det eit nytt høgdepunkt med pizza etterpå!



Pianoet på Hotel Augustin vart teken i bruk og skapte stemning!

Dagen etter var me på akvariet. Der er det alltid kjekt for både små og store, og nokre syntes nok reptilavdelinga var spanande. Etter matinga av selar og pingvinar var det vår tur – deilig lunch før me reiste heim att.



Spanande på akvariet

Alle var med på denne turen, og det vart ei fin avslutning på året. Takk til korpset som spanderte dette på oss!

No er me klare for nye tak, og målet er at me skal yta noko for bygda vår, og at me skal få til ein bra konsert på jubileumsfesten.

PS Me er ikkje heilt sikre på om me har klart å spora opp alle tidlegare medlemmer, så dersom du eller nokon du kjenner har vore med i korpset men ikkje motteke innbyding, ber me om at du tek kontakt. ( [mseiken@kvamnet.no](mailto:mseiken@kvamnet.no) )